
Saksnr: 2021/16093-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør syta for å:

1. Sikre at eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir utarbeidd som planlagt.
2. Drøfte føremålet med eigarskapa i arbeidsmarknadsbedriftene i samband med utarbeiding og handsaming av eigarstrategien, slik at det er tydeleg kva som er bakgrunnen for og intensjonen med eigarskapa.
3. Utarbeide ein felles eigarskapsstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene.
4. Sikre at arbeidsmarknadsbedriftene får informasjon om dei krav og føringar som fylkeskommunen har til sine eigarskap.
5. Etablere rutinar for å kontrollere at krav og føringar som fylkeskommunen har til selskapa blir følgt opp.
6. Evaluere prosessane knytt til nominasjon og styreval, for å sikre at desse blir opplevd som tydelege og ryddige av dei involverte,
7. Etablere rutinar for å gjennomføre jamlege eigarmøte
8. Sikre at nominering og val til styreverv er basert på kompetanse og eignaheit, og at grunngjeving for nominasjonar blir skriftleggjort
9. Sikre at styra følgjer opp sentrale tilrådingar frå KS, inkludert at:
 - a. bruk av valkomité blir vedtektsfesta.
 - b. det blir utarbeidd retningslinjer som regulerer valkomitéane sitt arbeid
 - c. alle styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister
 - d. styra vurderer numeriske vararepresentantar
 - e. styra gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eget arbeid og eigen kompetanse
 - f. styra - der eigenevaluering avdekkjer slikt behov - gjennomfører opplæring i styrearbeid
 - g. styra sikrar at instruks for dagleg leiar er oppdatert og dekkande
 - h. det blir utarbeidd styreinstruks
 - i. det blir etablert plan for styrearbeid
 - j. det blir gjennomført ein årleg gjennomgang av selskapa sine viktigaste risikoområder
10. Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp

tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Samandrag

Deloitte har no gjort ferdig eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune og revisjonsrapport er levert. Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal handsame rapporten og vedta innstilling til fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vedtok i møte 10.05.2021 å be Deloitte gjennomføre eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune. Av den godkjende prosjektplanen går det fram at eigarskapskontrollen har slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som er undersøkt:

1. *Har fylkeskommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket, og som omhandlar alle arbeidsmarknadsbedriftene fylkeskommunen har eigarskap i?*
2. *Har fylkeskommunen etablert eigarstrategiar med mål og krav til selskapa?*
3. *I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapa i samsvar med krav i aksjelova?*
4. *I kva grad har fylkeskommunen etablert rutinar for å sikre at fylkeskommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?*
5. *I kva grad har fylkeskommunen følgt opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?*
6. *I kva grad har fylkeskommunen sikra god samansetning og opplæring av styra i selskapa?*

Av rapporten går det fram at Deloitte har gjort slik avgrensing i arbeidet

«Undersøkinga har fokusert på dei krav og tilrådingar som gjeld for fylkeskommunal eigarstyring, jf. kontrollkriteria (sjå avsnitt 1.5 og vedlegg 2).»

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Deloitte har no gjort ferdig eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune, revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale til fylkesdirektøren og uttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne eigarskapskontrollen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein sær god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte i punkt 9 «Konklusjon og tilrådingar» tilrår at Vestland fylkeskommune sett i verk tiltak for å sikre følgjande:

- 1) *Sikrar at eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir utarbeidd som planlagt*
- 2) *Vurderer å drøfte føremålet med eigarskapa i arbeidsmarknadsbedriftene i samband med utarbeiding og handsaming av eigarstrategien, slik at det er tydeleg kva som er bakgrunnen for og intensjonen med eigarskapa*
- 3) *Vurderer å utarbeide ei felles eigarskapsstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene*
- 4) *Sikrar at arbeidsmarknadsbedriftene får informasjon om dei krav og føringar som fylkeskommunen har til sine eigarskap*
- 5) *Etablerer rutinar for å kontrollere at krav og føringar som fylkeskommunen har til selskapa blir følgt opp*

- 6) *Vurdere å evaluere prosessane knytt til nominasjon og styreval, for å sikre at desse blir opplevd som tydelege og ryddige av dei involverte,*
- 7) *Etablere rutinar for å gjennomføre jamlege eigarmøte*
- 8) *Sikrar at nominering og val til styreverv er basert på kompetanse og eignaheit, og at grunngeving for nominasjonar blir skriftleggjort*
- 9) *Sikrar at styra følgjer opp sentrale tilrådingar frå KS, inkludert at:*
 - a) *bruk av valkomité blir vedtektsfesta.*
 - b) *det blir utarbeidd retningslinjer som regulerer valkomitéane sitt arbeid*
 - c) *alle styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister*
 - d) *styra vurderer numeriske vararepresentantar*
 - e) *styra gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eget arbeid og eigen kompetanse*
 - f) *styra - der eigenevaluering avdekkjer slikt behov - gjennomfører opplæring i styrearbeid*
 - g) *styra sikrar at instruks for dagleg leiar er oppdatert og dekkande*
 - h) *det blir utarbeidd styreinstruks*
 - i) *det blir etablert plan for styrearbeid*
 - j) *det blir gjennomført ein årleg gjennomgang av selskapa sine viktigaste risikoområder*

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til Kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vert dessutan tilrådd at fylkesdirektøren vert beden om å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.